



ÅRSMELDING
07





03 LEIAR

04 TAL OG FAKTA

05 REKRUTTERING AV FOSTERFORELDRE

06 SAMARBEID MELLOM STAT OG KOMMUNE

07 NYTT DIGITALT BIBLIOTEK

08 FAMILIERÅD

09 EMA, HJELPETILTAK I HEIMEN

10 MEKLING VED SAMLIVSBROT

11 EI FAMILIEVERNTENESTE FOR ALLE

12 ADOPSJON TIL BESTE FOR BARNET

13 UNG.NO OG AKTIV UNGDOM

14 TILSKOTSORDNINGAR

15 REKRUTTERING OG ADRESSER

ÅRSMELDING

07

Utgjevar: Barne-, ungdoms-
og familiedirektoratet
Mai 2008
Opplag: 5000
Design: Virtual Garden
Trykk: Andvord Grafisk AS
Målform: Nynorsk
Foto: Kai Myhre

VEKST OG UTVIKLING FOR BARN, UNGE OG FAMILIAR

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) jobbar med vekst og utvikling for barn, unge og familiar. Bufetat vedtok i 2007 ein langsiktig strategi som beskriv kva etaten skal ha nådd innan 2012. Strategien bind saman etaten sitt felles verdigrunnlag – *respekt, åpenhet og deltakelse* – med våre prioriterte strategier for måloppnåing – *utvikling, samarbeid og kvalitet*.

Året 2007 viste at fleire barn får tiltak i heimen eller plassering i fosterheim, istadenfor institusjonsplassering. Dette er i tråd med målet Stortinget sette da Bufetat blei oppretta. Etterspurnaden etter fosterheimar veks stadig, og det er utfordrande å skaffe nok fosterheimar. Rekruttering er difor ei prioritert oppgåve. Den nasjonale rekrutteringskampanjen i 2007 blei lagt merke til og fleire familiar melde si interesse under kampanjeperioden enn i 2005.



I 2007 blei Nasjonalt bibliotek for barnevern og familievern lansert. Det digitale biblioteket samlar og gjer tilgjengeleg relevant kunnskap innan barnevern og familievern, og har blitt ei viktig kjelde for kompetanseutvikling for Bufetat sine tilsette, barne- og familievernstarbeidare, pårørande, presse og andre interesserte.

Ansvar for einslege mindreårige asylsøkjare under 15 år blei i 2007 overført til Bufetat. Det er viktig at desse barna får den omsorgen og tryggleiken dei har behov for. Omsorgssenteret på Eidsvoll opna 1. desember 2007 og har stor pågang.

Det har vore ei samla auke i nye og avslutta saker i familievernet i 2007. Auken skuldast i all hovudsak at også sambuarar no har plikt til meking ved samlivsbrot, viss dei har felles barn under 16 år. Familievernet hadde også eit spesielt fokus på likekjønna par, familiar med minoritetsbakgrunn, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og vald i nære relasjonar i fjor.

Sjøl om interessa for adopsjon av barn fra andre land aukar, er det ein tydeleg nedgang i talet på utanlandsadopsjonar i 2007. Grunnane til dette er mellom anna den lange tida det tek å gjennomføre ein utanlandsadopsjon, regelendringar i fleire land og auka kostnader.

Ung.no blei vidareutvikla i 2007 og kåra til beste statlege nettstad. Nettstaden lukkast med å skape dialog med barn og ungdom. EU sitt ungdomsprogram Aktiv ungdom starta opp i 2007 som ei vidareføring av programmet UNG i Europa. Målet for Aktiv ungdom er å stimulere til ei breiare forståing av europeisk medborgerskap, demokrati, felles verdier og kulturelt mangfald blant barn og unge.

Både medarbeidarar og leiarar har arbeidd mykje for å tydeleggjere mål og vegval som sikrar grunnlaget for:

- Eit likeverdig barne- og familievern
- Eit kvalitativt godt tenestetilbod
- Eit godt samarbeid både internt og eksternt

Å etablere ein etat av 18 fylkeskommunale organisasjonar og fleire statlege einingar med ulik kultur og fagleg ståstad, har vore krevjande heilt frå starten i 2004. Sjøl om mykje er gjort, er det framleis mange utfordringar som må møtast med praktisk og konkret handling i åra som kjem.

Med helsing
Ann-Marit Sæbønes

TAL & FAKTA

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) er eit forvaltningsorgan under Barne- og likestillingsdepartementet og arbeider innanfor områda: Barnevern, familievern, adopsjon, ekteskapsaker, rettfærdsvederlag, tilskotsforvaltning, ungdomsutveksling og ungdomsinformasjon. Barne-, ungdoms- og familie-

direktoratet (Bufdir) er det øvste organet i Bufetat. Bufetat er organisert i fem regionar; region nord, Midt-Noreg, vest, aust og sør. Fosterheimstenestene, familie- og nærmiljøbaserte barnevernstiltak, statlege barnevernsinstitusjonar og familievernkontora er alle verksemdar som inngår i Bufetat.

BARNE-, UNGDOMS- OG FAMILIEETATEN	2006	2007
Fosterheim	Pr. 28.02.06	Pr. 28.02.07
Tal på klargjorte fosterheimar	527	528
	Pr. 31.01.06	Pr. 31.01.07
Tal på barn som ventar på plass i fosterheim	121	122
Statleg finansierte barnevern¹	Tal på barn pr. 31.12.06	Tal på barn pr. 31.12.07
Hjelpetiltak i heimen	1 038	1 124
Fosterheimsbaserte	1 716	1 792
Institusjonar	1 216	1 179
Totalt	3 970	4 095
Familievern	Tal på nye saker	Tal på nye saker
Behandlingssaker	24 989	23 239
Meklingar	9 529	12 962
Adopsjon	2006	2007
	Motteke	Motteke
Søknader om utanlandsadopsjon	992	682
Søknader om stebarnsadopsjon	267	283
Søknad om fosterbarnsadopsjon	30	42
Øvrige innanlandsadopsjonar	5	12
	Behandla	Behandla
	1071	814
	203	279
	29	40
	14	13
Krisesenter	2006	2007
Tal på søknader frå krise- og voldtektssentra	52	52
Sum midlar til krise- og voldtektssentra	119,7 mill. kroner	146 mill. kroner
Tal på søknader frå incestsentra	17	20
Sum midlar til incestsentra	40,3 mill. kroner	50 mill. kroner
Rettfærdsvederlag²	2006	2007
Tal på krav om rettfærdsvederlag	729	827
Saksbehandlingstid	2 år	1 år
	2006 (alle beløp i mill. kr)	2007 (alle beløp i mill. kr)
Utgifter trekt frå refusjonar barnevernet	3 767,9	4 023,0
herav kjøp av private barnevernplassar	1 407,3	1 416,2
Inntekter barnevernet	751,6	800,5
herav kommunale eigendelar	653,3	706,7
Utgifter trekt frå refusjonar familievern	274,9	288,4
Inntekter familievern	1,9	2,6

¹ Dette er talet på barn i barnevernet på eksakt dato 31.12.06 og 31.12.07

² Bokmål: Billighetserstatning

EIN HEILT VANLEG HEIM



Du treng ikkje være eit prakteksemplar av ein familie for å hjelpe barn og unge som treng ein heim for kortare eller lengre tid. Det var hovudbodskapen i den nasjonale fosterheimskampanjen i 2007.

- Vi ville gjerne vise at det trengs ulike typar fosterforeldre og at det som barn og unge treng er ein heilt vanleg heim. Mange har nok ei forestilling om at fosterforeldre er superflinke folk seier seniorrådgjevar Ragnar Simonsen, som var ansvarleg for kampanjen.

Ein fosterheim er ein privat heim som tek imot barn og unge til oppfostring for kortare eller lengre tid. Dette skjer som følgje av eit vedtak i barneverntenesta eller i samband med omsorgsovertaking.

Bufetat sine fosterheimstenester klarar å tilby fosterheim til dei fleste barn og unge. Det er likevel stadig behov for fleire fosterforeldre - Grunnen til at vi treng ein «bank» med mange og ulike fosterforeldre er at barn og unge har krav på ein heim som dekkjer den enkelte sine behov. Det betyr at vi treng fleire fosterforeldre enn det er ungar som treng hjelp, forklarar Simonsen.

Den nasjonale kampanjen våren 2007 bestod av annonsering i nasjonale trykte media og i nettaviser. Nettstaden www.fosterheim.no blei oppgradert, og lokale nettstader for den enkelte fosterheimsteneste blei etablert. På hausten var det ein oppfølgingskampanje der plakatar pryda bussar, utvalde offentlege stader og kjøpesentre på mange stader i landet.



MÅLET MED KAMPANJEN VAR:

- å auke kunnskapen om fosterheimsområdet
- å endre haldningar slik at fleire opplever seg som aktuelle fosterforeldre
- å vise mangfaldet blant fosterbarn og mangfaldet av fosterforeldre som trengs
- å forsterke det lokale rekrutteringsarbeidet

Kampanjen fekk god mediemerksemd og fleire familiar tok kontakt under kampanjeperioden enn i 2005. Totalt melde 618 familiar seg. - Tidlegare erfaring har synt oss at folk brukar lang tid på eit slikt val, fortel Simonsen.

Det blir halde ein nasjonal kampanje kvart andre år. Kampanjen er ei forsterking av det lokale arbeidet. Dei lokale fosterheimstenestene arbeider heile tida aktivt med rekruttering gjennom annonsering, informasjonsmøter, rekrutterings- og opplæringskurs, og aktiv bruk av www.fosterheim.no

Noreg er det landet i Norden som brukar fosterheim mest. Av barn og unge som ikkje kan bu heime, bur 85 % i fosterheimar. Tal frå SSB viser at det totalt budde 7708 barn og unge i fosterheim den 31.12.2006.

OPPLÆRING AV FOSTERFORELDRE

Bufetat sine fosterheimstenester tilbyr opplærings- og rekrutteringsprogrammet PRIDE til fosterforeldre. PRIDE er delt i to: eit program som førebur og utredar potensielle fosterheimar, og ein oppfølgjingsdel for familiar som allereie er ein fosterheim.

I 2007 blei førebuingdsdelen evaluert og kursmateriellet omsatt til nynorsk. 4 av 5 fosterforeldre har gjennomført PRIDE-kurset sin førebuingdsdel. Eit arbeid med eit eige opplæringsstilbod til fosterforeldre med barn plassert fra slekt og nettverk blei starta i 2007.

SAMARBEID MELLOM STAT OG KOMMUNE

FAGTEAM OG KOMMUNER I FELLES FAGLEG LØFT

Det kommunale og det statlege barnevernet jobbar for å sikre og vidareutvikle høg fagleg kvalitet og kompetanse hos dei tilsette i barneverntenesta, på barneverninstitusjonar og i fosterheim.

Barnevernet skal i så stor grad som mogleg være ei førebyggjande teneste. Målet er tydeleg: barnevernet skal oppdage barn som er problemutsatte og sette i verk tiltak for barnet og familien i lokalmiljøet så tidleg som mogleg.

- Målet med tidleg hjelp og støtte er også å redusere plassering av barn og unge utanfor heimen. Dette er ein viktig del av verdigrunnlaget i eit moderne barnevern. Og Noreg har eitt barnevern. Trass i den kommunale og statlege inndelinga, er det vårt felles ansvar å sørge for at barn som treng hjelp og støtte fra barnevernet får eit godt tilbod til beste for det enkelte barnet, seier Ann-Marit Sæbønes, direktør i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Fagteam Ski satsar på felles kompetanseutvikling med kommunane. På mange hold samarbeider fagteam og kommunar godt om kvalitets- og kompetanseutvikling.

VIKTIG I 2007

- Rambøll Management evaluerte fagteamordninga. Det blei gjennomført ei breddeundersøking, case-studier samt intervju på ulike nivå. Rapporten «Vurdering og vidareutvikling av fagteam» blei lagt fram i februar 2008.
- Alle fagteam gjennomførde eit program for kompetansestyrking i 2007.
- Fokus på samarbeidsavtaler: Fleire av regionane evaluerte sitt samarbeid med kommunen og andre naturlege samarbeidspartar i 2007.
- Fleire av regionane er med i effektiviseringsnettverka til kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS).
- Rundskriv Q-06/2007 regulerer oppgåve og ansvarsfordelinga mellom stat og kommune. Dette blei revidert i 2007. Bufetat har laga eit undervisningsopplegg om rundskrivet til bruk i den vidare opplæringa i etaten.

Eitt døme er Fagteam Ski i region øst, som jobbar aktivt med dette. Mellom anna gjennom felles konferansar for fagteamet og barneverntilsette i kommunane i området. Det var fire slike konferansar i 2007.

- Me møter jo kommunane i arbeidet med dei konkrete sakene og har formelle samarbeidsmøter også. Så konferansane er eit tillegg. Men det er ein møteplass vi får sær gode tilbakemeldingar på, fortel fagteamleiar Stig Martinsen.

Fagteam Ski og kommunane planlegg konferansane i fellesskap. Dei ser på dei nasjonale føringane og på kva som er spesielt viktig lokalt. - Slik blir vi einige om ulike tema som gir eit felles fagleg løft for alle som jobbar i barnevernet i området, seier fagteamleiar.

Her er nokre tema for konferansane i 2007: Samtale med barn, skulen si betydning for utsatte barn og unge, tidleg intervensjon og samarbeidsavtaler mellom BUP, fagteam og kommunen.

Fagteamområde Ski dekkjer kommunane Follo, Moss, Våler, Rygge, Spydeberg og Askim.

OM FAGTEAM:

Bufetat har 26 fagteam fordelt på dei fem regionane. Kwart team har ansvar for eit bestemt geografisk område - opptaksområde - innan sin region. Fagteama er det viktigaste leddet i det statlege barnevernet sitt direkte samarbeid med kommunane. Desse skal:

- Stå for inntak til alle statlege barneverntiltak og kjøp av plassar i private barneverntiltak i sitt opptaksområde
- finne lokale løysingar i samarbeid med kommunane
- yte særskilt hjelp til kommunane i kompliserte barnevernssaker
- rådgje kommunane i plasseringssaker utanfor heimen

NYTT DIGITALT BIBLIOTEK FOR BARNEVERN ET OG FAMILIEVERN ET

Eit kunnskapsbasert barnevern

er eit omgrep som kan bli tolka på ulikt vis. I arbeidet med Nasjonalt bibliotek for barnevern og familievern vert følgjande definisjon brukt som utgangspunkt: Å basere og dokumentere fagutøvinga på forskingsbasert kunnskap saman med praksiserfaring og brukarane sine preferanser, samt gjeldande lover og reglar.

Dette nye digitale biblioteket

skal tilby alle i familievern et og barnevern et enkel og gratis tilgang til nasjonal og internasjonal forskingsbasert kunnskap og relevante rettskjelder innan barnevernfeltet og familievernfeltet.

Med dette meiner vi ny forskning, oppsummert forskning, nasjonale faglege råd og retningslinjer fra offentlege myndigheiter, rettleiingar og råd utarbeidd av anerkjende fagmiljø, samt god og oppdatert oversikt over lover og forskrifter. Tilgangen til fagstoff skal være lik for alle uavhengig av bustad og nærleik til høgskular og universitet.

I biblioteket skal du raskt og enkelt finne det du treng for å halde deg fagleg oppdatert og finne litteratur om aktuelle problemstillingar innan ditt fagområde. Det nettbaserte biblioteket er tilrettelagt for at brukaren sjølv skal kunne finne frem til relevant fagstoff, men ved behov kan du få hjelp av ein bibliotekar via epost.

Innhaldet i biblioteket kan delast i tre hovuddelar:

- tilgang til ulike fagtidsskrift og forskingsrapportar, både nasjonale og internasjonale
- tilgang til aktuelle rettskjelder (Gyldendal Rettsdata)
- kunnskap til bruk i møte med brukarane, som til dømes aktuell samanstilt forskning.

Vurdering av fagstoff er ein viktig og krevjande jobb. Difor er biblioteket avhengig av tilbakemeldingar både fra brukarane av tenesta og det trengs system for kvalitetssikring av innhald. Det skal difor etablerast eit fagråd med høg kompetanse og praktisk erfaring med arbeid innan barnevern og familievern. Målet er at det digitale biblioteket skal være den viktigaste kjelda til oppdatert forskning til bruk i eit moderne kunnskapsbasert barnevern og familievern.



FAMILIERÅD I SAMARBEID MED BARNEVERNET

Familieråd er ein måte å arbeide på der familien og nettverket er med på å finne gode løysingar når familie og barn i familien har det vanskeleg. Målet er å komme fram til ein plan som tek vare på barnet.



Familien eller barnevernet kan ta initiativ til familieråd. Barnevernet og familien lagar i felleskap spørsmål som familierådet skal diskutere og foreslå løysingar til. Ein uavhengig koordinator hjelp familiane med å førebu og gjennomføre familierådet. Koordinatoren jobbar ikkje i det kommunale barnevernet til dagleg.

Han eller ho har som oppgave å informere og besøke familie / slekt, vener og andre viktige personar i nettverket som familien ønskjer skal ta del i familierådet. Det er eit viktig prinsipp at barnet sine interesser er viktigast. Barnet er vanlegvis med på sjølve familierådsmøtet.

Sjølve familierådsmøtet varer ca 3-6 timar og er delt i tre delar. I første del er alle deltakarane på familierådet tilstades, også koordinator, eksterne fagpersonar og barnevern.

Fagpersonane gir nødvendig informasjon om situasjonen til barnet. Informasjonen er gjennomgått med barnet og foreldra på førehand. Den andre delen av møtet består kun av familien sitt nære nettverk. Dei skal diskutere og bli einige om ein skriftleg plan som betrar situasjonen til barnet. I tredje og siste del av møtet tek barnevernet stilling til planen. Gjennomføringa av planen vert vanlegvis evaluert med eitt eller fleire familieråd.

DØME PÅ FAMILIERÅD

Barnevernet fekk telefon fra mormor som var bekymra for barnebarnet Lise på 2 år. Barnevernet tek kontakt med Lise si mor, og det blir satt i gang undersøkingssak. Det kjem tidleg fram at mor syns det er krevjande å være einsleg mor, og at ho treng avlastning. Mor samtykka til familieråd og det blei laga spørsmål til familierådet. Koordinator starta arbeidet. Etter to veker blir mor lagt inn på psykiatrisk sykehus delvis på grunn av bruk av illegale rusmiddel. Lise blir plassert hos mormor.

Den nye situasjonen førte til endringar i spørsmåla til familierådet. Det blei halde eit familieråd der mange personar fra nettverket deltok. I tillegg kom det fagfolk som bidrog med viktig informasjon. Familien klarte å komme fram til ein handlingplan og barnevernet bisto med tiltak. Jenta flytta etter ei tid tilbake til mor, men med fortsatt støtte fra både barnevernet og familien.

BETRA OMSORG FOR EINSLEGE MINDREÅRIGE ASYLSØKJARAR

Barnevernet fekk omsorgsansvar for einslege mindreårige asylsøkjjarar mellom 0 og 15 år i 2007. Eidsvoll omsorgssenter for barn blei offisielt opna av statsråd Manuela Ramin-Osmundsen den 18. desember. Ved utgangen av året budde 39 einslege asylsøkjjarar under 15 år på senteret.

Barnevernet har ansvaret i den første fasen etter ankomst til landet, under behandling av asylsøknaden og fram til dei blir busett i ein kommune eller skal forlate landet. Truleg får Bufetat også omsorgsansvaret for aldersgruppa 15 - 18 år i løpet av 2009.



HJELPETILTAK I HEIMEN

For dei aller fleste barn er det best å vekse opp i eigen heim. Bufetat har fleire hjelpetiltak for barn og unge som bur heime. Saman med resten av familien får dei opplæring, rettleiing og annan hjelp av fagfolk. Her er døme på slike tiltak:

MULTISYSTEMISK TERAPI (MST)

MST er eit tidsavgrensa behandlingstilbod for familier som har ungdom mellom 12 og 18 år med alvorlege åtferdsvanskar. Med utgangspunkt i familie og heim tek MST sikte på å betre ungdommen si oppførsel og fremje positive ferdigheiter heime, på skulen og i nærmiljøet. Terapeuten møter familien heime og foreldra kan kontakte teamet 24 timar i døgnet.

PARENT MANAGEMENT TRAINING OREGON (PMTO)

PMTO eignar seg for foreldre til barn mellom 3 og 12 år som viser tydelege teikn på høgt aggresjonsnivå, og som ofte kjem i konflikt med andre barn og vaksne. PMTO tek utgangspunkt i at dei sosiale omgjevnadene i stor grad påvirkar barnet si tilpasning. Målet er å endre barnet si åtferd gjennom nye familierutiner og handlingar. Foreldra lærer om ros og oppmuntring, samtidig som dei får hjelp til å sette tydelege og realistiske grenser.

FUNKSJONELL FAMILIETERAPI (FFT)

Målgruppa for FFT er ungdom mellom 11 og 18 år som syner antisosial åtferd som vold og kriminalitet eller er i risikosona. Dette er eit nytt tilbod fra 2008. I FFT blir ungdommen si åtferd sett i samanheng med korleis alle i familien gjensidig påverkar kvarandre. Behandlinga er delt inn i tre faser: involvering og motivasjon, kommunikasjon og konflikthandtering samt arbeid med å oppretthalde positive endringar og å hjelpe familien til å takle framtidige problem på eiga hand.

AUKE I MEKLINGAR VED SAMLIVSBROT

Talet på nye meklingar auka med 36 prosent i familievernnet i 2007 jamfør året før. Dette skuldast i all hovudsak at også sambuarar med felles barn under 16 år fekk plikt til mekling ved samlivsbrot i fjor. Meklingar utgjør no meir enn ein tredel av nye saker for tenesta.

Familievernkontora er eit offentleg og gratis lågterskeltilbod til enkeltpersonar, par og familier. I tillegg til mekling, gir kontora mykje behandling, rådgjeving og rettleiing ved vanskar, konflikt eller krise i familien. Tenesta satsar også på førebyggjing gjennom kurs og liknande.

KVEN MÅ TIL MEKLING?

Mekling er pålagt både med heimel i ekteskapslova og i barnelova. Desse må til obligatorisk mekling:

- ektefeller som skiljer lag som har barn under 16 år
- sambuarar som skiljer lag og som har felles barn under 16 år ved samlivsbrotet
- for å få utvida barnetrygd må ein ha meklingsattest

Ekteskapslova seier at foreldre som har barn under 16 år saman, må ha gyldig meklingsattest før Fylkesmannen innvilgar separasjon. Barnelova seier at før ein sak om foreldreansvar, fast bustad eller rett til samvær kan bringast inn for Fylkesmannen eller domstolen, må foreldra møte til mekling.

OM MEKLINGSATTESTEN

Meklaren skriv ut ein meklingsattest etter første timen. Denne skal leggjast ved søknaden om separasjon. Foreldre kan få opptil sju timar gratis mekling totalt. Det er ofte ei god investering i foreldresamarbeidet å nytte desse timane.

Målet med mekling er å få foreldra til å komme fram til ein avtale om:

- foreldreansvar
- kor barna skal bu fast
- samvær

MERKSEMD PÅ BARNET

Avtalen foreldra blir samde om skal først og fremst rette seg etter det som er best for barnet. Meklar skal ha fokus på barnet sitt beste og bl.a gjere foreldra merksame på retten barnet har til å bli høyrtd og retten det har til samvær med begge foreldra jf. barnelova.

Det finst 64 familievernkontor i landet, og alle tilbyr mekling. I tillegg finst det eksterne meklarar. Det var i 2007 omlag 540 godkjende meklarar i Noreg.

Fylkesmannen hadde ansvar for meklingskorpset fra 1993 til 2007. Bufetat overtek dette ansvaret fra 2008. Det betyr at etaten skal sørge for at dei som treng mekling får dette innan rimeleg tid, hjå ein godt kvalifisert meklar



EI FAMILIEVERNTENESTE FOR ALLE

Familievernet skal gje eit likeverdig tilbod til alle. Difor er det viktig med stadig kompetanseheving slik at tenesta på best mogleg måte kan møte dei som tek kontakt.



Familievernet tilbyr behandling, rådgjeving, mekling og ulike former for førebyggjande verksemd. Mesteparten av ressursane i tenesta går til behandling og rådgjeving. Ønsket er å kunne nå «vanlege familiar med vanlege vanskar».

Familievernet hadde i 2007 eit særskilt fokus på likekjønna par, tvangsekteskap, kjønnslemlesting, vald i nære relasjonar og familiar med minoritetsbakgrunn.

LIKEKJØNNA PAR

Bufetat registrerer ikkje par etter seksuell legning, men etaten har erfart at familievernet tek imot eit aukande tal likekjønna par. Bufdir samarbeida difor med Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjering (LLH) om eit tilbod på regionvise opplæringsamlingar for leiarane i familievernet i 2007. Temaet var dei homofile og lesbiske sin livssituasjon, og dei særlege utfordringane som familievernet har i møtet med desse. Ein fagperson fra LLH og ein terapeut sto for undervisinga. Leiarane fekk også ei opplæringspakke til bruk på eige kontor. Mange familievernkontor har nytta dette opplegget, og fleire kontor har tatt initiativ til tverrfaglege kursdagar i kommunane.



ÆRESRELATERT VALD

På desse leiarssamlingane var det og ein opplæringsbolk om tvangsekteskap. Familievernet har i 2007 sett i gang to pilotprosjekt om æresrelatert vald, eitt på Aker familiekontor om tvangsekteskap, og eitt på Nordfjord- og Haugesundkontora om kjønnslemlesting.

VALD I NÆRE RELASJONAR

Familievernet har ei særleg oppgåve når det gjeld vald i nære relasjonar. Ni av kontora har vore med på eit prosjekt om barn og vald. Deira kompetanse er vidareført til andre kontor. I følgje undersøkingar har familievernet kontakt med ca 5 000 familiar kvart år der vald er eit tema. Tenesta tilbyr grupper for menn, behandlingstilbod for valdsutsette kvinner og gruppetilbod for barn. Mange av kontora har fast samarbeid med andre tenester om desse problema, og tek initiativ til tverrfaglege fagdagar.

MINORITETAR

I 2007 blei Regnbogeprojektet på Aker familiekontor avslutta med ei svært positiv evaluering. Prosjektet har gitt kurstilbod til 560 fleirkulturelle foreldre. Kursa har handla om samliv og familieliv, møte med norsk kultur og lovverk, og oppvekst i to kulturar. Prosjektet har lært opp 47 gruppeleiarar med minoritetsbakgrunn til å drive kurs. Erfaringane frå prosjektet skal delast med andre familievernkontor.

ADOPSJON TIL BESTE FOR BARNET

Målet med adopsjon er først og fremst å skaffe ein god og varig heim til barn som dei biologiske foreldra ikkje kan ta vare på. Adopsjon skal alltid være til beste for barnet. Utviklinga innan adopsjonsområdet i fjor kan oppsummerast slik:

- Framleis stor interesse for adopsjon av barn frå andre land
- Nedgangen i talet på utanlandsadopsjonar heldt fram
- Ventetida på tildeling av barn har auka
- Det har vorte dyrare å adoptere barn frå utlandet
- Bufetat sine regionkontor har gjeve opplæringstilbod om adopsjon til alle kommunar
- Sakshandsamingstida ved søknad om førehandssamtykke til adopsjon er kortare enn nokon gong

Medan interessa for adopsjon av barn frå andre land synest å vera større enn nokon gong, er det nedgang i talet på utanlandsadopsjonar. Tal frå adopsjonsorganisasjonane viser at medan det i åra 2001 - 2004 kom meir enn 700 adoptivbarn til Noreg kvart år, kom det under 500 barn dei to siste åra. Toppen vart nådd i 2002, då det kom 747 barn. I 2007 var tilsvarende tal berre 426 barn, det lågaste talet sidan 1980.

Nedgangen har fleire forklaringar. Dels skuldast den at talet på innanlandsadopsjonar i dei landa Noreg har adopsjonssamarbeid med, stadig aukar. Dermed treng færre barn i desse landa nye foreldre gjennom utanlandsadopsjon. Dels tek landa mot fleire søknader frå land som USA, Frankrike, Italia og Spania. Då går ventetida på å få adoptera opp fordi det går lenger tid mellom kvar gong søkjarar frå Noreg står for tur.

Når ventetida aukar, går dessverre også utgiftene knytt til adopsjonsformidlinga opp. Organisasjonane har dei same driftsutgiftene som før, men færre adopsjonar å fordela desse på. Dermed aukar gebyra som søkjarane lyt betala for å kunne adoptera.

Bufetat har som mål å handsame søknader om førehandssamtykke til adopsjon av barn frå utlandet innan tre månader for dei som søker for fyrste gong og innan ein måned for dei som har adoptert tidlegare. I 2007 var ventetida kortare enn nokon gong før. Nokre saker tek likevel lengre tid. Det kan til dømes skuldast at søknaden manglar vesentlege opplysingar, og at det tek tid å få desse inn.

Det er viktig at sosialrapportane som utgjer det viktigaste grunnlaget for handsaming av søknadene og som samstundes skal fylgje søknaden til utlandet dersom søkjarane vert godkjende, er gjennomarbeidde og av god kvalitet. Bufetat gav derfor eit opplæringstilbod til alle kommunar i landet i 2007. Målet er å auka kunnskapen om adopsjon i alle ledd. Eit godt opplæringstilbod til kommunane er framleis eit satsingsområde.



På ung.no får ungdom svar på det meste dei lurer på: Forelsking, graviditet, utdanningsval, kriminalitet, trening, slanking, mobbing og helse er berre nokon av våre mange emne. Ung.no vann pris for beste offentlege nettstad i 2007.

HMH

Hei jeg er en jente på 15 år.
Jeg er glad i mat, men vil slanke meg.
Jeg er 164 høy og veier 50 kg.
Alle sier jeg er tynn men jeg føler meg kjempe feit. Jeg kommer nok aldri til å føle meg fin.
Har ikke noe selvspekt.

HJELP!

Jeg trenger hjelp (av jenter helst 😊) nettopp begynt på 1 vgs, det er en jente eg har fått øye på..hun er PEN, men hun gir meg blick hele tiden som gjør meg forvirret...hva betyr sånne signal? Desperat g16.

- Artiklar om alt som er viktig for ungdom
- Kva lurer ungdom på? Sjekk ut ung.no/oss
- Fagpersonar svarar på alle type spørsmål

FAKTA OM UNG.NO

- Offentlege kjelder, kvalitetssikra informasjon
- Stor spørsmål og svarteneste
- Brukarane kan kommentere artiklar, diskutere tema, teste seg sjølv med nokon av våre mange quiz, delta på avstemningar og sende inn eller lese andre sine spørsmål og svar
- Unike brukarar/mnd: ca 200.000

AKTIV UNGDOM

I 2007 starta EU sitt ungdomsprogram ein ny programperiode. Programmet har fått namnet Aktiv ungdom og varar til og med 2013. Aktiv ungdom avløser programmet UNG i Europa. Målsettingane for Aktiv ungdom er å fremme ei breiare forståing om europeisk medborgarskap, demokrati, felles verdiar og kulturelt mangfald blant unge gjennom ungdomsutveksling, frivillig arbeid i utlandet og andre former for internasjonalt samarbeid. Målgruppa er ungdom i alderen 13 til 30 år og ungdomsarbeidarar innanfor frivillege organisasjonar og offentlege ungdoms tiltak. Ungdom med særskilte behov er ei prioritert

gruppe. Aktiv ungdom har disponert omlag 13,7 millionar kroner i 2007. Direktoratet tok imot 159 søknadar, og 60 prosent av desse fekk innvilga støtte. Om lag 1 000 ungdommar tok del i Aktiv ungdomprosjekt i 2007. Søknadsmengda er redusert samanlikna med tidlegare år. Dette skuldast at oppstarten av programmet blei forsinka på grunn av sein integrering i EØS-avtalen, at målgruppa treng meir tid til å bli kjend med det nye programmet, og ei endring i prosedyrane som tillet fleire prosjekt i same søknad.

TILSKOTSORDNINGAR

Bufetat har ansvar for eit breidt spekter av tilskotsordningar. Det er stor variasjon i føremåla etaten er med og støttar. Fellesnemnaren er at det skal skape engasjement og mangfald og sikre drifta innan viktige delar av Regjeringa si politikk retta mot barn og unge, familiar, likestilling og arbeidet mot vald i nære relasjonar.



BARN OG UNGDOM

Bufdir er sekretariat for Fordelingsutvalet som yter økonomisk støtte til dei landsomfattande frivillege barne- og ungdomsorganisasjonane. Dei spelar ei viktig rolle for utviklinga av demokrati og deltaking i samfunnet og er eit godt tillegg til det offentlege tenestetilbodet. Målet er å leggje til rette for barn og unge si deltaking i slike organisasjonar, og stimulera til engasjement og medansvar nasjonalt og internasjonalt. Døme på organisasjonar som mottok støtte er Noregs KFUM/KFUK speidere, Søndagsskoleforbundet, Natur og Ungdom og SOS Rasisme.




SAMLIVSKURS

Bufdir gjer tilskot til samlivskurs for å stø opp om samlivet i parforhold med sikte på å skape gode relasjonar og førebyggje familie- og samlivsløysing. Å styrkje samlivet kan vere viktig i eit førebyggjande perspektiv. Sentrale emne på kursa er kommunikasjon og konflikthandtering og mogleheiter i eige samliv. Bufdir støttar også tilpassa kurs for førstegongsforeldre der nybakte foreldre får støtte og inspirasjon i ein periode med store endringar og utfordringar. Bufdir tilbyr også samlivskurs «Kva med oss» til par som har barn med nedsatt funksjonsevne.



FAMILIE- OG LIKESTILLING

Organisasjonar som jobbar med familie- og likestillingspolitikk kan søkje om støtte til sitt arbeid hos Bufdir, som støttar aktivitetar og drift av organisasjonar som Ottar, Ensliges Landsforbund og Norsk Kvinnesaksforening. Målet er å sikre drifta og bidra til mangfald og aktivitet hos organisasjonane slik at dei kan bidra til debatt, kunnskap og haldningsendringar.



VALD OG OVERGREP

Gjennom ulike tilskotsordningar er Bufetat med å førebyggje vald og tvang mot vaksne og barn, og bidreg til eit likeverdig tilbod til personar som vert utsett for overgrep. Ordningane som skal sikre drifta av landet sine krise- og valdtektentre er viktig for at ofre for vald i nære relasjonar får tilbod om hjelp og støtte. Målet er at vi skal ha tilgjengelege krisesentre av god kvalitet og at dei skal vera eit godt tilbod til brukarar med særlege behov.

KARRIERE I BUFETAT?

Bufetat har om lag 5000 tilsette på arbeidsplassar over heile landet. Yrkeskategoriane i Bufetat dekkjer mange fagområde, her finst mellom anna barnevernpedagogar, sosionomar, miljøterapeutar, familieterapeutar, psykologar, juristar og administrativt personell innan økonomi, personal, IKT, arkiv, informasjon og leing.

Ledige stillingar vert utlyst på **www.bufetat.no/ledigestillinger**.

Søknader kan sendast på etaten sitt elektroniske søknadsskjema.

Bufetat er ei inkluderande arbeidslivsbedrift. Det er eit mål at den statlege arbeidsstyrken i størst mulig grad skal spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å nå ei balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med fleirkulturell bakgrunn. Etaten har ein handlingsplan for helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid (HMS) og det finst kriseplanar og kompetanseplanar.

NYTTIGE NETTADRESSER:

www.fosterhjem.no

www.aktivungdom.eu

www.eurodesk.no

www.bufetat.no

Vil du vite meir? Få nyheiter frå barnevernet, les om familie, samliv, adopsjon og ungdom. Abonner på nyheitsbrevet frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Meld deg på **www.bufetat.no**

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Universitetsgata 7
Postboks 8113 Dep.
0032 Oslo
Telefon: 46 61 50 00
Faks: 22 98 01 06
E-post: postmottak@bufdir.no

Bufetat region sør

Olav Tryggvasons gate 4
Postboks 2403
3104 Tønsberg
Telefon: 466 18 000
Faks: 33 36 83 11
E-post: region.sor@bufetat.no

Bufetat region vest

Strandgaten 59
Postboks 6200
5893 Bergen
Telefon: 46 61 93 00
Faks: 55 90 28 18
E-post: region.vest@bufetat.no

Bufetat region Midt-Noreg




Nordre gate 12
7495 Trondheim
Telefon: 46 61 75 00
Faks: 73 50 29 98
E-post: region.midt@bufetat.no

Bufetat region nord

Betongveien 2
9509 Alta
Telefon: 40 00 36 20
Faks: 78 44 55 44
E-post: region.nord@bufetat.no

Bufetat region aust

Pilestredet 27
Postboks 7024 St. Olavs plass
0130 Oslo
Telefon: 46 61 60 00
Faks: 22 20 01 04
E-post: region.ost@bufetat.no



**Barne-, ungdoms- og
familiedirektoratet**
 Universitetsgata 7
 Postboks 8113 Dep.
 0032 Oslo
 Telefon: 46 61 50 00
 Faks: 22 98 01 06
 E-post: postmottak@bufdir.no

